

	Aukra kommune	Arkivsak: 2019/88-12
		Arkiv: L13
		Saksbeh: Svein Rune Notøy
		Dato: 14.05.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
20/19	Drift og arealutvalet	27.05.2019

Reguleringsplan Hollingsetervegen - høyring og offentlig ettersyn

Rådmannen si tilråding:

Drift- og arealutvalet viser til plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10, og godkjenner at reguleringsplan for Hollingsetervegen vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i seks (6) veker.

Delar av ein gjeldande reguleringsplan som ligg innanfor planavgrensinga til Hollingsetervegen, skal i medhald av plan og bygningslova § 12-14 delvis opphevast ved sluttgodkjenning av planen, denne planen er: Reguleringsplan Hollingen B16 og B16b – mindre planendring 03 (vedteken 30.05.2012, planid 1547201204).

Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 27.05.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Drift- og arealutvalet viser til plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-10, og godkjenner at reguleringsplan for Hollingsetervegen vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i seks (6) veker.

Delar av ein gjeldande reguleringsplan som ligg innanfor planavgrensinga til Hollingsetervegen, skal i medhald av plan og bygningslova § 12-14 delvis opphevast ved sluttgodkjenning av planen, denne planen er: Reguleringsplan Hollingen B16 og B16b – mindre planendring 03 (vedteken 30.05.2012, planid 1547201204).

Vedlegg

- 1 Plankart datert 14.05.2019
- 2 Føresegner datert 14.05.2019
- 3 Planomtale datert 14.05.2019
- 4 Innkomne merknader etter melding om oppstart

Særutskrift:

Etter adresseliste.

Bakgrunn:

Ved etablering av ny hovudvassleidning frå Hollingen til Fanghol vart det lagt ny vassleidning langs Hollingsetervegen. Det vart fylt opp med steinmassar på ferdig grøftetrasè. Steinmassane vart lagt ut i same nivå som eksisterande vegbane. Dette har fram til i dag fungert som ei breiddeutviding av Hollingsetervegen. Breiddeutvidinga er ikkje asfaltert og er ikkje regulert inn som vegareal. Vegen har per dags dato eit køyrefelt og nokon parti som er breiddeutvida.

Arealdelen til kommuneplana og kommunen si trafikktryggingsplan viser at det på sikt er behov for å sanere eksisterande avkøyrsløse til Hollingsbukta og etablere ny kryssløysing ved Fanghol. Den nye kryssløysinga skal handtere all trafikken til eksisterande bustadområder og skole og barnehage. Dette betyr at Hollingsetervegen må utbetrast for å kunne handtere eksisterande og framtidig trafikkbelastning. Difor tek reguleringsplan omsyn til framtidige behov med breiddeutviding til køyrefelt, fortau og veglys.

Føremålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande kommunal veg, leggje til rette for eit framtidig fortau, samt å leggje til rette for nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2.

Planforslaget vert utarbeidd som ein detaljreguleringsplan med full planprosess, og er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Utgreiing:

Det blei i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, varsla oppstart av planarbeidet via brev til rørte partar den 05.02.2019, og som annonse i Romsdals Budstikke den 08.02.2019. Frist for å kome med merknader til planarbeidet blei sett til 11.03.2019, og det kom inn totalt 9 merknader, nedanfor er disse kort refererte og kommenterte (merknadane i si heilheit er vedlagt saka):

1) Merknad frå Torkil Bekken Sandøy, datert 07.02.2019

Ønsker at det blir etablert gatelys langs vegen.

Ønsker å vite kva fartsgrense som er tenkt langs vegen sidan det ikke føreligg umiddelbare planar for å etablere fortau.

Kommentar:

Veglys langs Hollingsetervegen er inne på gjeldande økonomi-og budsjettplan. Dette vil bli utført samtidig som vegutbetring av Hollingsetervegen.

Planlagt fartsgrense på vegen er den same som i dag 30 km/t. Ved etablering av fortau og betre tilrettelegging for mjuke trafikantar vil fartsgrensa bli tatt opp til vurdering.

2) Merknad frå Sameie Hollingsbukta, datert 13.02.2019

Bebuarane i sameiga i Hollingsbukta brukar vegen til parkering. Det er sett av 1,5 parkeringsplassar til kvar av bueiningane som kommunen har solgt til Block Watne som utbyggjar av felta. Dersom det vert etablert fortau her, mister dei parkeringsplassar. Dei har ingen andre stader å sette frå seg bilane, og har ingen parkering til gjestar.

Kommentar:

Aukra kommune ønskjer ikkje å tilrettelegge for parkering langs ein kommunal hovud-adkomstveg. Etablering av fortau er naudsynt med tanke på sikring av mjuke trafikantar.

Private parkeringsplassar er eit privat anliggende og blir ei sak mellom utbyggjar og sameiget Hollingsbukta.

3) Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 05.03.2019

Delar av planområdet sneiar inn på eit areal registrert i år 2000 som slåttemark. Det bør avklarast om arealet enno har kvalitetane som viktig slåttemark, og eventuelt ta omsyn til naturtypen i det vidare planarbeidet.

Kommunen må gjennomføre ein Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremåla, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Kommentar:

Sentralt i planområdet er det registrert ein naturtype (slåttemark) med verdien viktig. Arealet er om lag 2 daa stort og ligg rett vest for eit område som i dag vert nytta som tilkomstveg til eksisterande bustad på eigedom 16/2 (Hollingsetervegen 46). I planforslaget er det føreslege å leggje til rette for ny tilkomstveg til denne eigedomen (vist på plankartet som SKV2), med føresetnad om at eksisterande tilkomstveg då blir stengt for biltrafikk. Planforslaget vil ikkje medføre negative konsekvensar for den registrerte naturtypen.

Risiko- og sårbarheitsanalyse ligg som vedlegg til planomtalen (sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal). Ved gjennomgang av sjekklister er det ikkje avdekt tilhøve som vil krevje nærmare omtale eller særskilte tiltak. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

4) Merknad frå Kjell Thomassen, datert 05.03.2019

Ønsker fortau på den sida av vegen som det er mest bustader, og gatelys på same side, slik at lyset fell bort frå bustadane og ned på fortau/veg. Dei ønsker vidare at gatelysa vert utforma med minst mogleg sjenanse med tanke på utsikt og visuell forureining. Eksisterande luftspenn (staum) må leggjast i jord i samband med utbetringa.

Kommentar:

Fortau blir plassert på nord-vestleg side av vegen. Dette av praktiske grunnar i høve vegoppbygging og overvasshandtering. Veglys vil bli plassert på sør-austleg side av vegen og vil difor gi minst mogleg visuell forureining. Plassering av master må tilpassast lysberekningar.

Eksisterande luftspenn er kabeletatanes ansvar og dei avgjer kva som skal sanerast og kva som blir ståande att. Aukra kommune er i dialog med kabeletatane om sanering av luftspenn.

5) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 06.03.2019

Hollingsetervegen er tilknytt fylkesveg 662 med to kryss, men kryssa inngår ikkje i reguleringsplanområdet som det er meldt oppstart på. Statens vegvesen tilrår at planområdet vert utvida til å omfatte det nordlegaste krysset med fylkesveg 662, og slik kunne stenge krysset i samsvar med avkøyrleplanen som vart utarbeidd i forarbeidet til kommuneplanen sin arealdel.

I sør vert reguleringsplanen avgrensa mot reguleringsplanforslag for Svingen bustadområde. Statens vegvesen tilrår at ein ser planarbeida i samanheng, og tilpassar ei justering av veglinja til Hollingsetervegen lengre bort frå undergangen, jf. merknad til veg 1 og veg 6 i uttale til Svingen bustadfelt.

Kryss og avkøyrslar bør begrensast då dette vert ein samleveg for området.

Regulering av betre veg som er dimensjonert for ei større trafikkmengd vil endre støytilhøva for eksisterande busetnad. Støy må utredast etter retningline T-1442. Det bør og utarbeidast støykart for ubygde område slik at det kan takast omsyn til dette ved seinare regulering.

Kommentar:

Planavgrensinga er utvida slik at krysset mellom Hollingsetervegen og fylkesveg 662 lengst nord i planområdet inngår i planforslaget.

Planavgrensinga er flytta noko mot nord-vest i høve melding om oppstart for ikkje å kome i konflikt med ei bygge og deleforbudsone som er avsett i gjeldande kommuneplan sin arealdel.

Det er planlagt nye tilkomstvegar til eigedomane 15/9 og 16/2 (vist som SKV1 og SKV2 på plankartet), på grunn av at dei eksisterande tilkomstane er bratte og dårlege. Eksisterande avkjørsler vert føreslege stengt for biltrafikk, og er vist på plankartet med symbolet «stenging av avkjørsel» (sosi-kode 1241). Det er ikkje forslag om å etablere fleire kryss eller avkjørsler utover dette.

Det er nedfelt i reguleringsføresegnene til planen at fortau, veger, og tilhøyrande anlegg skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen sine handbøker N100 og N101.

Kommunen har henta inn konsulentbistand til å utarbeide støyvurdering i samband med reguleringsplanen, og eventuelle tiltak vil verte innarbeidd i plankart og føresegner innan saka vert lagt fram for eigengodkjenning. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

6) Merknad frå ungdomsrådet, datert 07.03.2019

Det er viktig at kommunen set inn tiltak for å gjere vegen betre og tryggare og ferdast på for både mjuke og harde trafikantar

Kommentar:

Reguleringsplanen legg opp til å utbetre eksisterande veg med breidare vegbane og belysning, og legg samstundes rette til at det kan byggjast fortau, slik blir både mjuke og harde trafikantar ivaretekne i planforslaget. Merknaden kan sjåast på som innfridd.

7) Merknad frå rådet for likestilling av funksjonshemma, datert 08.03.2019

Ber om at oppsetting av veglys langs Hollingsetervegen vert innarbeidd i neste budsjett- og økonomiplan.

Kommentar:

Veglys på Hollingsetervegen er inne på gjeldane budsjett- og økonomiplan, merknaden kan med dette sjåast på som innfridd.

8) Merknad frå Terje Gjendem, datert 10.03.2019

Heimelshavarane på eigedomane 16/3 og 16/10, godtek ikkje at det vert tatt så store område av deira eigedomar som det er lagt opp til i planforslaget. Dei har tidlegare inngått avtale med kommuna på sal av grunn i samband med etablering av vassleidning i området, der dette området no vert nytta til utbetring av vegen. Dersom det blir stort avvik på arealet frå det som tidlegare er avtalt, vil dei vurdere å sjå på prisen på nytt. Dei ønsker nærmare dialog med kommunen om dette.

Kommentar:

Aukra kommune regulerer naudsynt areal for breiddeutviding av veg og fortau.

Grunneigaravtalar avklarast med grunneigarane før utbyggingsprosjekt startar opp.

9) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 13.03.2019

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Kommentar:

Merknaden vert teken til vitande.

Konklusjon:

Dei innkomne merknadane etter melding om oppstart er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget, planforslaget vert derfor tilrådd lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Administrative konsekvensar:

Ingen administrative konsekvensar utover normal sakshandsaming.

Folkehelsekonsekvensar:

Planforslaget legg opp til ei samanhengande gangforbindelse innanfor planområdet for å sikre trygg ferdsel for gåande og syklende, dette er med på å auke tilkomsten og dermed tilgjengelegheita til fleire av turmåla og friluftsområda i Julsundet, noko som er med på å betre den generelle folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar:

Det skal utarbeidast ei støyvurdering innanfor planområdet, og det medkjem derfor kostnader til innhenting av ekstern konsulentbistand for gjennomføring av dette arbeidet. Kva dette vil koste er ikkje kjent på det noverande tidspunktet, men truleg rundt 35 000 kroner. I tillegg kjem kostnader til annonsering av oppstart, offentleg høyring og vedtak på om lag 13000 kroner.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Rett utskrift 28.05.2019

Martina S. Böttcher
Politisk sekretær